

Preses Olav Fykse Tveit:

Kong Oscars kapell, Grense Jakobselv

Markering av Grensekonvensjonen 200 år (1826-2026)

16. august 2026

Tekst Matt 6, 24-34

Takk for invitasjonen til å komme hit for å feire gudsteneste i dag i anledning av at Grensekonvensjonen mellom Noreg og Russland er 200 år! Vi møtest i kyrkja som var bygd for dei som bur her, og for å markere at her er grensa. Takk til de som bur her, til kyrkja i Sør-Varanger, til Finnmarksbrigaden og Garnisonen i Sør-Varanger, og til Forsvarets tros- og livssynskorps. Dei siste dagane har eg saman med biskop Stig Lægdene i Nord-Hålogaland fått besøke vernepliktige soldatar som passar på at grenselova vert halden. Det har gjort oss glade og stolte.

Vi møtest her i kyrkja for å takke for at det her er ei grense som vert respektert, noko som bidrar til at vi kan leve i fred i landet vårt. Ei grense er ikkje berre ei avgrensing, det er også ei avklaring som kan skape stabile og forutseielege forhold mellom nasjonar og statar.

-

Det er ein setning som vi skal syngje til slutt i gudstenesta som kan uttrykkje det vi takkar for, og som mange i verda lengtar etter:

«Lat folket som brøder saman bu
som kristne det kan seg søma!»

Denne litt gamalmidige poetiske linja frå fedrelandssalmen uttrykkjer på sin vakre måte både vårt håp og vårt ansvar. Å be er å

uttrykkje kva vi håpar på, men også kva vi vil arbeide for. Det er forpliktande å synge slik som fleire generasjonar har sunge før oss – både i krig og i fred. (Denne salmen var faktisk ikkje forbudt av den tyske okkupasjonsmakta under krigen – slik som andre nasjonalsongen og kongesongen vart det.)

Det er ei bøn om fred mellom dei enkelte menneska i det landet vi lever i. Det gjeld dei nære relasjonar i familie og i nabolag. Det har vi mange gode grunnar til å be om.

Men vi kan ikkje synge slik utan å sjå på den større samanhengen enn det som gjeld kvar enkelt i dei nære ting, Når det står «la folket som brøder saman bu», er det også vesentleg at det kan også bety: «la *folka* som brøder saman bu». Dei to heng nært saman, på fleire måtar.

Det har vorte tydelegare for oss gjennom dei siste åra, og det vert ikkje minst tydeleg når vi er samla på ein plass som dette og i denne anledningen.

Det vert ei bøn og håp om fred mellom dei ulike grupper og folk i landet vårt. Stortinget har fått ein rapport frå Sannhets- og forsoningskommisjonen som fortel mange vanskelege historier om dette, ikkje minst om det området vi er i no. Her har vi alle, også kyrkja, eit stort ansvar å bidra til rettferd og forsoning på ulike måtar. Det er framleis mykje å gjere.

Grensa fekk også store negative konsekvensar særleg for samiske folk som hadde levd og flytta på seg i det store området her, uavhengig av landegrenser. Det gjeld ikkje minst skolttesamane.

.

Vi kan heller ikkje feire gudsteneste på ei grense som dette og berre håpe på fred for det som gjeld innanfor grensa. Det er også ei bøn og håp om fred ved dei grensene som er sett mellom

nasjonar. Vi har nabofolk i aust som vi har levd saman med og som vi også skal leve saman med i framtida.

Slik vert dette spesielle uttrykket også ei anerkjenning av alle som bidrar til både fred og rettferd i dei små og store samanhengar vi lever i.

Men kva ligg vidare i det poetiske uttrykket Nord-Noreg og heile Noregs store salmediktar Elias Blix brukar i 1893? Kva ligg i det å leve «som kristne det kan seg søma»? Eg har allereie tolka det som «fred». Kva slags fred er det som er i samsvar med vår kristne tru, og som kan tene heile folket – og ikkje berre dei som på ein eller annan måte i dag definerer seg som kristne?

Det har vore og det er nødvendig å tenke kritisk og nytt om kva det tyder. Stundom må det skje på grunnlag av ny erkjenning og dyrebar lærdom for nokon mellom oss.

Litt av denne lærdomen kjem til oss i dagens evangelium. Det handlar om å ha tillit til vår Skapar som gir oss og alt som lever liv. Livet er ei gåve til oss alle. Og ei slik gåve må også innebere at ein ikkje blir opptatt av korleis ein kan berre ordne seg sjølv til beste for seg sjølv. Den krasse tonen mot «å tene mammon» - er ein advarsel mot å vere grisk og pengekjær og berre ivareta eigne interesser. Det handlar om å ære Skaparen først og fremst, ved å å bry seg om dei andre og om heile skaparverket.

Jesus brukar naturbilete for å uttrykkje livsvisdom og korleis tru på Gud kjem til uttrykk nettopp som tillit. Men det er meir enn naturbilete for å seie noko anna. Det gjeld også å forholde seg til skapinga og skaparverket som iv som er gitt oss, og som vi difor skal forvalte og ta vare på for dei som kjem etter oss. Vi er alle avhengige av det Gud gir oss gjennom det vi kallar «naturen», luft, vatn, lys, jord – alt det vi lever med i den store naturen. Eit kunstverk i mange fargar på Jarfjord grensestasjon minte meg om det i går.

Her vi no er ser vi det som noko uendeleg vakkert. Slik er det også grunn til å be om og forplikt oss til å leve i fred med naturen og dei som lever her av planter og dyr.

Den kristne tru er trua på den Gud som har skapt og som skaper alle menneske i Guds bilete – med sitt like menneskeverd i alt sitt mangfald. Som alt anna vakkert mangfald i naturen.

Dette vert utfordra allereie i det gamalmodige uttrykket «brødre» i vår tid. Det er nødvendig å halde fram at vi må sjå og møte kvarandre med respekt og likeverd som kvinner og menn, uansett kjønn eller legning eller kjønnsuttrykk.

Å be om at vi skal leve som «kristne det kan seg søma» er også ei forplikting til å bruke vår kristne tru til å skape fred. Det er det motsetta av å legitimere misbruk av makt, aggresjon mot andre folk og nasjonar. Nokon går så langt at dei vil kalle ein krig «heilag». Men det er ingen krig som er heilag. Om det er ein kyrkjeleiar i aust for oss, eller om det er stemmer i vest, eller om det er religiøse leiarar i andre delar av verda som uttrykkjer seg slik, er det like mykje i strid med ei tru på Skaparen som elsker alle menneske og bryr seg like mykje om og vernar alle menneske.

Det kan verte noko av det verste som skjer om nokon snakkar og talar som om krigen er heilag, slik at krigen er noko Gud vil. Då kan alt bli oppfatta som «lov».

Det er med respekt og ansvar for det «som kristne kan seg søma» at vi markerer denne dagen. Det skjer både med takk og med respekt for alt som vert gjort for fredens sak i vårt land og i møte med andre land og nasjonar. Og vi er audmjuke, ikkje minst som representatar for kyrkja, at også vår tru og kyrkjas makt har blitt brukt til å undertrykkje og diskriminere også her i landet.

Difor er det ikkje minst kyrkja si oppgåve å be og synge slik. Men det er også ei oppgåve for å oss alle, og spesielt for kyrkja, å vise at vi vil leve og bu saman. Det er ikkje berre kristne som skal leve

saman i dette samfunnet. Vi har ulik tru, eller inga religiøs tru. Men det er noko i vårt kristne og humanistiske arv som skal gjelde alle og alle få glede og nytte av. Det svarar til det Grunnlova vår også seier. Det er eit menneskesyn om at alle er like mykje verd, og at vi alle treng både fred og rettferd.

For vi må sette saman orda fred og rettferd. Dei høyrer saman. Det er særdeles viktig i ei verd der nettopp denne samanhangen vert broten, og nokon vil tvinge gjennom ein slags fred utan rettferd for alle, slik som det skjer i Palestina og for folket i Ukraina.

Så er det ein dimensjon til av freden til som vi ikkje skal gløyme, men som vi vert sterkt minna på i dagens evangelietekst. Det gjeld Guds omsorg for oss menneske og alt som lever som eit uttrykk for Guds kjærleik til sin skapning. Fred handlar om kjærleik, i begge ordas djupare meining. Det er ikkje berre eit spørsmål «å halde fred» som eit litt overfladisk forhold utan krangling, men å «bu» eller å leve saman i fred og kjærleik.

Kjærleiken er den største gåva i alt vi har fått med livet frå Skaparen, og som er kjerna i trua på Jesus Kristus. Det er evnen og viljen til å bry seg om dei andre. Det er gåva som vi kan gje vidare, og som alltid vert meir ved at deler. Vi vert ikkje rike om vi er gjerrige og heldt alt for oss sjølve. Tvert om. Det vert alltid meir når vi deler.

Det gjeld også fredens sak i verda i vår tid. Vi har fått ansvaret for å bruke våre ressursar slik. Også med tanke på vår eigen tryggleik og fred. Noreg er mellom dei rikaste land i verda. Då skal vi særleg ta med oss åtvaringa frå dagens evangelietekst: Det er ikkje berre meir pengar som kan gjere oss trygge. Vi må dele og bruke vår rikdom for fredens og fridomens sak, for å ta vare på mangfaldet i naturen og i menneskelivet. Det må vi gjere saman med andre folk, ikkje minst dei som no må stride for sin fridom og sin fred.

Slik legg vi grunnlag for at vi saman som folk, og saman som folka, kan gjere vår innsats for freden i verda. Vi treng fred som er rettferdig og som vert bygd i kjærleik.

Kong Harald minte oss om dette i sin tale på 75-års markeringa for frigjeringa i 2020. Han siterte motstandsmannen Carl Johan Oftedahl som sa det så tydeleg som dødsdømt fange på Akershus festning: «Hils våre landsmenn og si at de må bygge Norge i kjærlighet».

Det er eit anna uttrykk for salmens poetiske ord: «La folket som brøder saman bu, som kristne det kan seg søma.»

I dag takkar vi for at det kan skje, og at det har skjedd. Og vi takkar audmjukt for at vi har fått oppgåva å la det skje, også i vår tid.

Ære vere Faderen og Sonen og den Heilage Ande, vår Skapar, Frigjerar og Livgjevar, som var, er og vere skal, èin sann Gud frå æve og til æve. Amen